


TERMPOSTEN

Nr. 2
desember 2011

NYHEITSBREV
FRÅ SPRÅKRÅDETS TERMINOLOGITENESTE

INNHALD:

<u>Redaksjonens vindauge</u>	2
<u>Sidan sist</u>	2
<u>Nyheiter</u>	3
<u>Visste du at? Om Terminologiens terminologi på nordisk</u>	3
<u>På kornet – portrettintervju med Kjersti Drøsdal Vikøren</u>	4
<u>Aktuell term: <i>antisosial personlighetsforstyrrelse</i></u>	4
<u>Spørsmål og svar 1: <i>etterforskning</i> eller <i>gransking</i>?</u>	5
<u>Spørsmål og svar 2: <i>umbrako-</i> eller <i>unbrakonøkkel</i>?</u>	5
<u>Lesarhjørnet</u>	5
<u>Terminologgen</u>	6
<u>Nokre komande arrangement</u>	6



Bilde: HikingArtist.com

Redaksjonens vindauge

Jul, Christmas, Weihnachten, Noël, Navidad, Χριστούγεννα – alle er dei ekvivalentar for omgrepet '(tid omkring) minnehøgtid for Kristi fødsel'. *Jól* – ei heidensk festnemning vi ikkje veit kva tydde opphavleg – var eit inkjekjønnsord i fleirtal på norrønt, derfor heitte det *góð jól*. Ordet er tolka om til hokjønn eintal etter mønster av *sol*, og derfor snakkar vi om "jula" og seier "god jul", ikkje "gode jul". *Jul* har vi fått frå dansk, men nokre seier framleis *jól* på norsk.

I andre språksamfunn voks det fram nye namn på høgtida som kyrkja kunne godta: "Kristi messe" (Christmas), "Dei innvigde, heilage nettene" (Weihnachten), "Fødselsdag" (Noël < lat. natalis dies), "Fødsel" (Navidad < lat. nativitas), "Kristi fødsel" (*Χριστούγεννα*, bokstaveleg Kristi fødselar). I engelsk finst dei heidenske nemningane *Yule* og *Yuletide* enno, men dei er ikkje mykje nytta.



Terminologitenesta ønskjer alle lesarane ei harmonisert jul og eit veldefinert nyttår!

Sidan sist

Idéseminar om norsk fagspråk i universitets- og høyskolesektoren

Den 17. oktober skipa Universitets- og høyskolerådet (UHR) og Språkrådet til eit idéseminar om norsk fagspråk i UoH-sektoren.

Bakgrunnen for idéseminaret var ei ny føresegn i universitets- og høyskolelova, paragraf 1-7, der det heiter at «[u]niversiteter og høyskoler har ansvar for vedlikehold og vidareutvikling av norsk fagspråk». Føremålet med dagen var å finne ut korleis paragrafen kan verkeleggjerast og fyllast med konkret innhald.

Deltakarane fekk høyre om røynsler frå m.a. kjemi og informatikk, der norsk fagspråk er under press frå engelsk.

Innleggshaldarar frå andre nordiske land fortalde om ulike tiltak for å styrkje sine nasjonale språk. Ein diskuterte også

korleis oppretting av termbankar vil vere eit viktig verktøy for å utvikle norskspråkleg fagterminologi i akademien. [Meir informasjon her](#). Seminaret munnar ut i oppnemning av ei utgreiingsgruppe, sjå under.

Utgreiingsgruppe om terminologi i UoH-sektoren

Ei gruppe med fagfolk frå ulike felt er vorten oppnemnd for å greie ut og skrive ein rapport om tverrinstitusjonelt arbeid med terminologi i UoH-sektoren. Gruppa skal diskutere ein felles mønsterpraksis, ei eigna datateknisk løysing og peike ut eit fagfelt til eit pilotprosjekt i 2012.

SNORRE-lansering

Standard Norges termbase SNORRE vart offisielt lansert 24. oktober. Kulturdepartemen-

tet har støtta det tilhøyrande prosjektet økonomisk. Basen, som inneheld meir enn 50 000 kvalitetssikra termpostar, tek for seg fleire område, frå miljø til anleggsbransjen. Med 200 000 termar på bokmål, nynorsk, engelsk, iblant tysk eller fransk, er Snorre éin av dei største termbasane i Noreg. Du kan vitje han på www.termbasen.no

Frukostseminar i datatermgruppa

Den 9. november vart det arrangert eit frukostseminar for medlemmene i Språkrådets datatermgruppe der gruppa evaluerte arbeidsforma si. I tillegg heldt journalist Per Kristian Bjørkeng frå Aftenposten foredrag om dataterminologi i aviser og andre medium. Foredraget hans er gjort tilgjengeleg som artikkel i høgrespalta på [nettsida for datatermane](#).

Nyheiter

Finsk termbank

Terminologiprojektet *The Bank of Finnish Terminology in Arts and Sciences* (BFT) har fått midlar frå den finske staten til å skipe og utvikle ein elektronisk fleirspråkleg termbank, Han skal tene som infrastruktur for terminologi frå alle akademiske disiplinar som finst i Finland. Prosjektet har ei tidsramme på fem år og er lokalisert ved Universitetet i Helsingfors.

[Du kan lese meir her.](#)

Terminfo fra TSK på nettet

Den finske terminologisen-tralen TSK gir ut publikasjonen *Terminfo* fire ganger i året. Engelske sammendrag av artiklene er tilgjengelige på Internett. De engelske sammen-dragene går tilbake til 1996 og publiseres [på TSKs nettsider](#).

Terminfo er blitt publisert elektronisk siden 2010, så kan du finsk, kan du lese hele publikasjonen på www.terminfo.fi.

Forskningsmidler til CLARINO

CLARINO-prosjektet er tildelt 25 millioner kroner av Norges forskningsråd. CLARINO (*Common Language Resources and Technology Infrastructure / Norway*) skal bidra til oppbygging av en felles infrastruktur for norske språkdata-baser, som igjen skal koples opp mot europeiske databaser. Infrastrukturen vil gi forskere tilgang til en rekke språkdata-baser. [Les mer om prosjektet.](#)

Artikkel om medisinsk fagspråk

På Språkdagen 2010 heldt professor Magne Nylenna hovedforedraget, som gjaldt medisinsk fagspråk. Foredraget er arbeidd om til ein artikkel: *Medisinsk fagspråk – gradvis mer folkelig og forståelig?* Artikkelen vart publisert i tidsskriftet [Michael Quarterly nr. 3/2011](#). Denne utgåva av tidsskriftet har kommunikasjon og språk som tema. Nylennas artikkel er òg tilgjengeleg [på nettsidene våre](#).

NORDTERM 16

Rapporten frå Nordtermdagane i København i juni 2009 vart utgjeven på forsommeren i år som nr. 16 i Nordterms rapportserie, med same tittel som arrangementet: *Ontologier og taksonomier*. Utgåva omfattar ei bok med samandrag og ein CD-ROM med artiklar baserte på konferanseforedraga. Artiklane vil òg bli publiserte på [Nordterms nettsider](#). Materialet kan tingast via term@sprakradet.no.

Ny ISO-terminologistandard

Den internasjonale standardiseringsorganisasjonen har gitt ut en ny standard på terminologi-området: ISO 10241–1:2011 *Terminological entries in standards – Part 1: General requirements and examples of presentation*. Den er ennå ikke fastsatt som norsk standard.

Standarden omhandler utforming og strukturering av både en- og flerspråklige term poster i standarder. [Les mer her.](#)

Visste du at? Om *Terminologiens terminologi på nordisk*

Ved utgangen av 2005 avsluttet samarbeidspartnerne i Nordterm et felles prosjekt for å revidere termsamlingen *Terminologiens terminologi på nordisk*. Resultatet var rapporten *Nordterm 13*, som inneholder såkalt metaterminologi, altså termer som blir brukt til å omtale terminologiens og terminologiarbeidets metoder og grunnprinsipper. Samlingen er basert på standarden NS-ISO 1087–1:2000 *Terminologiarbeid – Ordliste – Del 1: Teori og anvendelser*. Prosjektet hadde bakgrunn i at standarden var blitt revidert. Til tross for den

norske tittelen er ikke standarden oversatt til norsk. Da den ble fastsatt som norsk standard i 2007, fikk den imidlertid et nasjonalt tillegg med termer på bokmål og nynorsk som svarer til termene fra det nordiske prosjektet.

De aktuelle termene er vesentlige og nyttige for alle som arbeider med terminologi. Termene fra Nordterms rapport, på ni språk i Norden, finner du fram til [herfra](#). Termene i ISO-standardene søker du opp i [SNORRE](#) (bruk utvidet søk).



På kornet – portrettintervju med Kjersti Drøsdal Vikøren

I kjølvannet av lanseringen av termbasen *SNORRE* presenterer vi her prosjektlederen hos Standard Norge, Kjersti Drøsdal Vikøren.

Hva er det beste med jobben din?

Hittil har det beste vært å lede arbeidet med utviklingen av termbasen *SNORRE* (www.termbasen.no). Den er én av Norges største termsamlinger og inneholder terminologi på nynorsk, bokmål og andre språk fra et bredt utvalg fagområder. Det har lenge vært ønsket at Standard Norge skulle gjøre samlingen allment tilgjengelig, og det er gledelig å kunne si at dette nå er et faktum.

En meget god side ved jobben



min er dessuten alle de hyggelige og dyktige kollegene som jeg har ved Standard Norge, og positive arbeidsrelasjoner med mennesker i nettverket vårt.

Hvilken utdanning har du etter videregående skole?

Jeg er cand.philol. med hoved-

fag i datalingvistik og språkteknologi.

Hva var favorittfaget ditt på barneskolen?

Norsk og engelsk.

Hvorfor er arbeid med terminologi viktig?

Når vi definerer termer i språket vårt, blir det klarere hva det er vi prøver å formidle – ikke minst for oss selv.

Om du kunne velge et annet yrke, hvilket og hvorfor?

Skjønnlitterær forfatter på grunn av det kreative aspektet.

Hva leser du helst på fritida?

Romaner, aviser og tidsskrifter.

Hva er din favoritterm?

Sensorisk analyse

Aktuell term: *antisosial personlighetsforstyrrelse*

Medisinske og helsefaglige bibliotek i Norge har aldri hatt en norsk tesaurus som dekker fagområdet. [Helsebiblioteket](#) har satt i gang et prosjekt for å få oversatt Medical Subject Headings (MeSH), som er utarbeidet av National Library of Medicine i USA. Det er et internasjonalt helhetlig, standardisert vokabular med omforente definisjoner. De fleste land i Europa har oversatt det. Et eksempel på en aktuell term:

Engelsk MeSH:

- Antisocial Personality Disorder (foretrukket term)
Antisocial Personality, Psychopathic Personality, Sociopathic Personality (henvisningstermer)

Norsk MeSH:

- antisosial personlighetsforstyrrelse (foretrukket term)

- amoralsk personlighetsforstyrrelse, antisosial personlighet, dyssosial personlighetsforstyrrelse, sosiopatisk personlighetsforstyrrelse, sadistisk personlighetsforstyrrelse, m.fl. (henvisningstermer)

Definisjon av termen:

A personality disorder whose essential feature is a pervasive pattern of disregard for, and violation of, the rights of others that begins in childhood or early adolescence and continues into adulthood. The individual must be at least age 18 and must have a history of some symptoms of CONDUCT DISORDER before age 15.

Et unikt identitetsnummer kopler all informasjon om termen med alle språkvarianter, definisjon, m.m. Av 26 000 termer er drøyt 10 000 oversatt til norsk per 23. november 2011. [Les mer her.](#)

Spørsmål og svar 1: *etterforskning* eller *gransking*?

Er *etterforskning* og *gransking* synonymmer, eller er det forskjell i betydningen?

I juridisk fagspråk skilles det mellom *etterforskning* og *gransking*. I *Jusleksikon* (Kunnskapsforlaget) forklares *etterforskning* med "undersøkelse som foretas av offentlig myndighet for å finne ut om det foreligger et straffbart forhold som bør forfølges av det offentlige". *Gransking* forklares som "undersøkelse av reelle bevismidler i forbindelse med en rettsak". I sivilprosessen ble ordet *gransking* for øvrig erstattet med *bevisundersøkelse* med tvisteloven av 17. juni 2005. I allmennspråket er det kanskje ikke et like klart skille mellom de to, og *Bokmålsordboka* oppgir *gransking* som synonym til *etterforskning*. Eksempelene i *Bokmålsordboka* viser likevel at ordene brukes forskjellig, hhv. "slektsgransking" og "saken er under etterforskning". *Etterforskning* vil nok for de fleste gi assosiasjoner til politiarbeid, mens *gransking* bl.a. kan være noe man gjør selv.

Spørsmål og svar 2: *umbrako*- eller *unbrakonøkkel*?

Korleis skriv ein namnet på skrunøkkel som ofte følgjer med IKEA-produkta? *Umbrako* eller *unbrako*? Nokre seier rett og slett *brako*.

Unbrakonøkkel er den vesle metallstanga – oftast L-forma og iblant med ei kule i ein ende – som er sekskanta i tverrsnitt og blir brukt til å stramme eller løyse skruar eller beslag. *Unbrakonøkkel* er normert term på norsk. Går vi til *Den Danske Ordbog*, får vi ein god peikepinn på opphavet. Her står det at *unbrako* kjem av det engelske varemerket Unbrake, avleidd av verbet *unbrake*, dvs. 'løyse' eller 'slakke'. Rett skrivemåte er altså *unbrako*, sjølv om ein ofte ser og høyrer *umbrako*. Det er jo naturleg at ein n blir uttalt som ein m-lyd føre bokstaven b. Men kanskje er *sekskantnøkkel* ein betre term?

Det er interessant at nøkkelen heiter *Allan key* (etter produsent) eller *hex key* (etter form) på engelsk, *Inbusschlüssel* (etter akronymet *Inbus* for tilsvarende skruer *Innensechskantschraube Bauer und Schaurte*) på tysk og *brugola* (etter salsagent i Italia) på italiensk.

Lesarhjørnet

I den førre og første utgåva av *Termposten* oppmoda vi lesarane om å sende oss ris og ros, nyheiter og andre tips til denne spalta. Det tek vi opp att her. Send i så fall ein e-post til term@sprakradet.no med "Nyheitsbrev – Lesarhjørnet" eller "Nyheitsbrev – Lesernes hjørne" i emnefeltet.

Du kan òg sende oss språklig-terminologiske spørsmål eller debattforslag, fortelje oss om eit prosjekt du er med i eller kjenner til, eller informere oss om eit komande arrangement som kan vere aktuelt for lesarane.

Til denne utgåva mottok vi informasjon om MESH-prosjektet som Helsebiblioteket

i Nasjonalt kunnskapssenter for helsetenesta har arbeidd med i eit par år. Det var prosjektleiar [Sigrun Espelien Aasen](#) som nytta høvet. Du kan lese om prosjektet i rubrikken "Aktuell term" på side 4 i denne utgåva.

Så, nok ein gong: Heng oss, ros oss, tips oss, spør oss, informer oss!



TERMINOLOGGEN

Du finn ein oppdatert kalender over komande terminologirelaterte arrangement på nettsidene våre: www.sprakradet.no/nb-NO/Tema/Terminologi-og-fagspraak/Kalender/.

Nokre komande arrangement

23.–25. mai 2012 arrangeres konferansen LREC (Language Resources and Evaluation Conference) i Istanbul, Tyrkia. Det vil også være arbeidsseminar og undervisning før og etter konferansen (hhv. 21.–22. og 26.–27. mai). Du finner mer informasjon her: <http://www.lrec-conf.org/lrec2012/lrec2012.htm>

I dagane 19.–22. juni 2012 skipar TKE (Terminology and Knowledge Engineering) til den tiande toårlege konferansen sin, med eit eindags arbeidsseminar før og etter. Møtestad er denne gongen Madrid i Spania. Konferansen 20.–21. juni har tittelen: *New frontiers in the constructive symbiosis of terminology and knowledge engineering*. Arrangørane er The Ontology Engineering Group (OEG) ved Det polytekniske universitetet i Madrid (UPM) og Foreininga for terminologi og kunnskapsoverføring (GTW). Du finn meir informasjon her: <http://www.oeg-upm.net/tke2012>

Den 2. og 3. juli 2012 arrangerer Center for Research in Terminology and Translation (CRTT) ved Universitetet i Lyon, Frankrike, en internasjonal konferanse med tittelen: *Neology in specialized languages. Detection, implantation and circulation of new terms*. Du finner mer informasjon her: <https://sites.google.com/site/journeescrtt/home/angl>

I dagane 7.–12. august 2012 blir den femtande toårlege Euralex-konferansen arrangert ved Universitetet i Oslo. Arrangørane er Institutt for lingvistiske og nordiske studium (ILN) og Språkrådet. Hovudtemaet for konferansen er leksikografi, men det vil vere ein seksjon for terminologi og fagspråk òg. Du finn meir informasjon her: <http://www.hf.uio.no/euralex>

SPRÅKRÅDETS TERMINOLOGITENESTE

Postadresse:
Postboks 8107 Dep
NO-0032 OSLO
Besøksadresse:
Observatoriegata 1 B
NO-0254 OSLO

Telefon: 22 54 19 50
Telefaks: 22 54 19 51
E-post: term@sprakradet.no
www.sprakradet.no
www.sprakradet.no

Språkrådet

RIKTIGE TERMAR GIR GODT
FAGSPRÅK

Terminologitenesta er ein del av Språkrådet og har tre rådgjevarar i full stilling. Tenesta har eit overordna, nasjonalt ansvar for å samordne utviklinga og tilgjengeleggjeringa av norsk terminologi. Tenesta samarbeider tett med Språkrådets fagråd for terminologi og fagspråk. Ho skal på arbeidsområdet sitt

- ta initiativ til, leggje til rette for og samordne aktivitet
- vere ein aktiv pådrivar for forskings- og utviklingsarbeid
- søkje å koordinere praktisk terminologiarbeid i næringslivet
- assistere fagmiljø og hjelpe til med å byggje opp termbasar
- byggje alliansar som kan føre til auka interesse og ansvar for norsk terminologi og fagspråk
- gi råd til offentleg forvaltning, næringsliv og publikum

<http://www.sprakradet.no/nb-NO/Tema/Terminologi-og-fagspraak/>

Språkrådet gir ut ei rekkje publikasjonar, blant anna *Termlosen*, ei innføring i terminologiarbeid. Du kan lese meir om *Termlosen* [her](#).